

Ettertanke og bøn

25.november 2019

«Rop av fryd for Herren, de rettferdige. Det er rett at dei rettskafne syng lovsong». Salme 33,1

Tyrkia



Tyrkia har eit areal på 783 562 km². Folketalet er på 81,3 mill (juli 2018) fordelt på 67 folkegrupper som snakkar 45 ulike språk. Religion: Islam (96,64%). 0,21% kristne.

19% av befolkninga tilhører den kurdiske minoriteten, og desse er strengt overvaka av tyrkiske styresmakter.

I år 1900 var 22% av befolkninga kristne. Men i ly av 1.verdskrigen gjennomførte dei muslimske tyrkarane reine folkemordet på dei kristne armenarane og assyrarane som faktisk levde i dette området lenge før den tyrkiske invasjonen frå Sentral-Asia på 1100-talet. Over 2 millionar vart slakta ned, og dei fleste kristne som var att flykta hals over hovudet ut av landet.

Men smått om senn vart kyrkja attreist i Tyrkia, og då eg besøkte Antalia Evangelical Church for 2-3 år sidan, som i det store og heile består av konverterte tyrkarar, var eg imponert over kvaliteten på disippelgjeringa i kyrkjelyden. Det lova godt for framtida. Eg møtte også andre evangeliske kyrkjeleriarar frå Istanbul og Izmir der, folk som strålte av Jesus.

Men forfølginga er reell, og i sist veke vart den sørkoreanske misjonæren Jinwook Kim knivstukken og drepen på open gate i byen Diyarbakir søraust i landet. Jimwook Kim som hadde vore misjonær i Tyrkia i 5 år, var nett komen til byen for å overta pastoransvaret for ei lita evangelisk

Ettertanke og bøn

25.november 2019

kyrkje der. Han etterlet seg ei høggravid kone og eit barn. Me kan jo berre tenkja oss korleis dette er.

- **Be om ei sterk Andens fornying over alle kristne i Tyrkia, både dei evangeliske og dei som tilhører dei historiske kyrkjessamfunna. Be også om styrke og trøyst til familien til Jinwook Kim, at dei skal behalda sinnsroen og få den hjelpe dei treng.**
- **Be også om at dei tyrkiske kristne ikkje skal bli redde, men frimodig stå fram for Jesus.**
- **Be også om at Gud må stadfesta evangeliet med under og teikn som skjer når dei kristne ber.**
- **Bibelen er nett omsett til Kurmanji (språket som Fahima og Mustafa snakkar). Be om at denne, saman med annan kristen litteratur, skal få stor utbreiing i dei kurdiske områda.**
- **Be om effektiv bruk av Jesusfilmen over heile landet. Denne filmen har synt seg som ein innhaustingsmaskin sett på verdsbasis.**
- **Områda langs Svartehavskysten og dei Anatoliske slettene er åndeleg steinharde. Be om at Anden skal koma og mjuka opp hjarto til dei som bur der.**
- **Det er forbode å undervisa barn i kristendom. Be om at dei kristne skal ha mot til å trassa denne lova og gjera det som er rett i denne saka.**
- **Det føreligg ein barnebibel på tyrkisk. Be om at denne må finna vegen til dei rette hender.**
- **Be om at Gud skal miskunna seg over dei mange millionar flyktningane frå Syria og Irak som er i landet, dei fleste i overfylte flyktningeleirar.**
- **Be om frelse og anerkjent menneskeverd for dei 500 000 sigøynarane i landet.**
- **Be om frelse, framtid og von for dei mange millionar tyrkarane som har flytta til Vest-Europa (3 millionar berre i Tyskland) dei siste tiåra for å finna seg arbeid.**

Tyrkia treng desperat eit regimeskifte. Presidenten i landet er ein ekstremt korrupt og bereknande mann som hatar Israel, og som arbeidar aktivt på å samla ein muslimsk koalisjon for å samla slagkraft stor nok til å knusa Israel og det jødiske folk. Han er eit lite horn som talar store ord.

- **Be om at Gud skal forstyrra alle slike planar, og at president Erdogan skal tapa makta si og at den islamske vekkinga som**

Ettertanke og bøn

25.november 2019

også går over Tyrkia skal bli erstatta av ei kristen vekking som omformar landet fullstendig.

Det norske Stortinget



Den 2.desember skal det norske Stortinget røysta over om det skal vera tillate eller ulovleg å be for homofile både for at dei skal få styrke til å leva reint, og om at dei skal få hjelp med sitt emosjonelle avvik.

Homoseksualitet skal ikkje lenger kunna kallast avvik, men noko som er heilt normalt.

Men det ligg mykje meir i det som skal skje denne dagen. Både Arbeiderpartiet, SV, Rødt og Miljøpartiet Dei Grøne går inn for at barna i norsk skule skal få innprenta den nye «regnbogemoralen» heilt frå barnehagen av. Sterke krefter i Høgre og Venstre er på same linja. Foreininga Fri sitt politiske program har blitt adoptert av stort sett alle dei politiske parta. Berre KrF og Partiet Dei kristne står mot dette.

Kjære vener! Me er på veg inn i ei lagnadstid for barna våre, og for landet.

Kjære Herre Jesus! Miskunna deg over oss! Me skjelv med tanke på kva som skjer i landet vårt, og korleis framtida skal sjå ut. Me har eit storting som utfordrar deg no. Det er lite lurt. Me ber: REIS DEG GUD! Grip inn med stor kraft. Stopp fiendens planar og hans talsmenn. Beskytt barna våre mot løgna som no blir løfta opp som heilag sanning av alle Baals profetar. Styrk Øivind Benestad og alle andre som kjempar mot dette med blankslipne våpen, og reis opp nye profetar som kan stilla seg i gapet og avsløra djevelen og med autoritet peika på DIN veg for vårt kjære fedreland. Amen!